

KYRKJEBLADET

68. årg.

FOR VAKSDAL

Nr. 4/2014

Andakt Side 3

Slekters gang Side 19

Gudstenesteliste Side 19-20



Møt Bjart-Magnus

Side 6

Julehelsing frå prosten

Side 3

Vegen går vidare

for Marianne Side 12

Konfirmant-jubilantane

Side 14-15

DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL

Kyrjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3

5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20

Faks 56 59 39 29

E-post: kyrjekontoret@vaksdal.kyrkja.no

Ekspedisjonstid:

Tysdag og onsdag kl. 11.00-14.00

Kyrkjevevje Bjart-Magnus Ndogo Rosvold

Tlf. kontor 56 59 39 21

Mobiltilf. 97 69 75 62

E-post: kyrkjevevja@vaksdal.kyrkja.no

Sokneprest Edvard Bø

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn

Tlf. kontor 56 59 70 88

Mobiltilf. 90 84 06 24

E-post: edvard.boe@vaksdal.kyrkja.no

Postboks 23, 5725 Vaksdal

Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen og Nesheim sokn

Tlf. kontor 56 59 39 20

E-post: frode.kvamsøe@vaksdal.kyrkja.no

Tlf. privat 56 59 73 15

Trusopplærar / kyrkjelydsprest (til 31.12.)

Marianne Bergsjø Gammelsæter

Tlf. kontor 56 59 39 20

Mobiltilf. 95 80 69 20

E-post: marianne@vaksdal.kyrkja.no

Kantorane Olav Arne Steinkopf og

Tone Synnøve Øygard Steinkopf

Tlf. kontor: 56 59 39 20

Tlf. privat: 56 59 56 25

E-post: steinkopf@online.no

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

Informasjon om gudstenester,

konfirmanntida og Kyrkjebladet finn du på

www.vaksdal.kyrkja.no

Side 1: Julemotiv frå Vaksdal kyrkje.

Utgjevar: IKO. Foto: Edvard Bø.

Å vera ny

Det er nokre dagar ein hugsar betre en andre. Ein av desse dagane er fyrste skuledag. Eg hugsar spenninga, det å få eigen pult, det å måtte retta opp handa før ein fekk snakka. Eg hugsar at rektor kom inn og helsa på oss. Han verka som ein snill kar, men me ville helst ikkje måtta møta på kontoret hans. Fyrste skuledag var også litt skummel. Eg viste eigentleg ikkje kva eg gjekk til. Skulen var jo der alle dei «store» var. No var eg ein av dei, eg hadde byrja på skulen. Kom eg til å klara dette? Det er mange slike fyrste dagar i livet. Nokre av dei ber gode minner med seg, andre er kanskje meir av den svarte sorten.

Den 18. august i år møtte eg på jobb for fyste gong på Kyrjekontoret. Skuleklokka er bytta ut med ein telefon, og rektor er bytta ut med fellesrådet, men mykje er også likt. Akkurat som fyrste skuledag fekk eg eigen pult. Akkurat som fyrste skuledag var det mest gøy, men også litt skummelt. Kom eg til å klara alle utfordringane som venta meg? Eg kan enno ikkje svara på dette spørsmålet, og eg trur ikkje at det er poenget heller. Jobben som kyrkjevevje (og livet elles) er som ein lang skule. Oppgåver og utfordringar står i kø.

Men eg må sei at eg trivest i mi nye stilling. Eg har fantastiske kollegaer og samarbeidspartnarar rundt meg. Me som jobbar i den norske kyrkja er svært heldige. Det er mange som legg ned mykje frivillig arbeid. Utan alle dei rundt omkring i bygdene som gjer dette hadde nok me i staben på kyrjekontor hatt ein svært vanskeleg oppgåve

Me går no inn i ei hektisk adventstid, det er mykje som skal være klart før Jolekvelden kjem. Kanskje det er lurt å springa mindre rundt i butikkar, og å bruka meir tid på menneske rundt oss?

Med ynksje om ei fredfull adventstid og god jol.

Bjart-Magnus Ndogo Rosvold, Kyrkjevevje i Vaksdal

Fellesrådsleiar:

Roy Steinsland

tlf. 474 15 293

Soknerådsleiarar:

Vaksdal: Svein Hovlandsdal
tlf. 951 72 152

Dale: Eli Kringlebotten

tlf. 56 59 51 81 / 993 29 925

Bergsdalen: Ragna Lid

tlf. 56 59 89 20 / 938 97 044

Stamnes: Bjørn Stamnesfet

tlf. 56 59 82 91 / 414 13 351

Eksingedalen: Geir Høvik

tlf. 56 59 66 49

Nesheim: Frøydis Gullbrå

tlf. 56 59 52 77

Den norske kyrkja si heimeside:

www.kyrkja.no

Björgvin bispedømme

si heimeside:

www.kyrkja.no/bjorgvin

Bibelen på nett: www.bibel.no

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr 200,-

Annonsepris: kr 3,- pr. sp.

Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

Bladstyrar:

Kyrkjevevja i Vaksdal

Grafisk utforming:

Wenche Horvei

Kasserar:

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd,
boks 113, 5721 Dalekvam

Exp. og trykk:

Riss Grafisk AS,

5610 Øystese.

Tlf. 56 55 36 50

Retur til: Kyrjekontoret

for Vaksdal, Pb. 113,

5721 Dalekvam

Stoff til neste nr. må vera kome inn til 2. mars 2015

EIT SKOT FRÅ ISAIS STUBBE

20. oktober var eg i lag med kollegaer frå prostiet i Getsemane hage. I hagen var det mange oliventre. Då eg såg skota som spirte fram or stammen kom eg til å tenkje på teksten frå profeten Jesaja 11,1: Ein kvist skal skyte opp frå Isais stubbe, og eit skot skal spira fram frå hans røter.

Det er eit bilete på Messias, frelsarkongen, som skulle koma til verda. At han skulle skyta opp frå Isais stubbe er eit bilete på at han skulle høyre til Isais slekt.

Nokre dagar tidlegare hadde me vore i Nasaret, byen der Jesus vaks opp. Ordet Nasaret kommer av det hebraiske ordet «netzer» og betyr «det vesle rotskotet».

I Nasaret hadde me ein guide som heitte Maria. Guiden vår gjorde eit poeng av dette: Isai (far til kong David) var frå Betlehem. Nokre etterkomarar slo seg ned i Nasaret. Under det store manntalet som keisar Augustus sette i verk, måtte dei dra til Betlehem, Davidsbyen, fordi Josef høyrde til Davids hus og ætt. Slik vart mange profetiar oppfylde; frelsarkongen skulle fødst i Betlehem.

Etter ei tid drog Josef og Maria med sonen att ende til Nasaret. Slik fekk han namnet Jesus, frå Nasaret – nasarearen: rotskotet. I Matteus evangeliet kap 2 v. 23 les me at dette også er oppfyljing av ein profeti: Slik skulle det oppfyllast, det som er tala gjennom profetane, at han skulle kallast «nasarear» - eit rotskot av Isais stamme.

Guiden vår gjorde et poeng av korleis Jesus vart knytt til begge desse byane: Betlehem og Nasaret og korleis Nasaret gav han eit namn som sette han i samband med lovnaden i frå Jesaja 11,1.

Dei første kristen vart kalla nasarearar, hebraisk: «nåtsriim». På arabisk er det «nassara». Slik vert også kristne knytt både til byen Nasaret og til lovnaden frå profeten Jesaja om rotskotet.

I Nasaret var me i Bodskapskyrkja. Den er bygd til minne om då engelen Gabriel kom til Maria og sa at ho skulle føda Guds son – verdas frelsar. Ved inngangen til kyrkja var det det mange bilete av Maria og Jesusbarnet. Bileta var gåver til kyrkja frå heile verda. Biletet frå Kina viser Maria og Jesus-



barnet med klare kinesiske trekk. Likeeins biletet frå Peru med klare Sør-amerikanske trekk. Biletet frå Kongo viser dei med klare afrikanske trekk. Det viser korleis folk over heile kloden har gjort Jesus til sin eigen. Isais stubbe seier noko om røteen til Jesus då han vart fødd inn i vår verd. Han hørde til jødefolket. Men gåva frå Gud er til alle folkeslag. Difor er det ikkje galt at dei ulike folkeslaga teiknar han lik seg sjølv. Han kom til oss og han vart som oss, under same kår som me lever. Det kan alle folkeslag ta til seg.

Han er også ei gåve til oss, som me kan ta imot. Skotet som spirer fram gir oss håp.



Men ynskje om ei velsigna god julehøgtid frå

Arild Hellesøy

prost

Betlehemsmarkene anno 2014

Frode Kvamsøe og underteikna har saman med prestekolleger i Hardanger og Voss prosti i haust vore på studietur til Israel. Det var ein ti dagar lang tur i oktober, der me var innom mange stader rundt i landet både ved Middelhavet, ved Gennesaretsjøen og i området ved Jerusalem.

For Frode var det første turen til det heilage landet, for meg andre, men førre turen låg heile 35 år tilbake i tida. Me har gode opplevingar og møte med stader og personar med oss heimatt. Dei gjev gode impulsar til mellom anna forkynninga vår.

Som reiseleiar var Rolf Gunnar Heitmann, generalsekretær i Den Norske Israelmisjon. Han har viktige kontaktar som gjorde reisa til langt meir enn ei turistoppleving. Me har såleis fått med oss dei viktige stadane frå bibelsoga, samstundes som me har fått ei djupare forståing av kor komplekse konfliktane er mellom dei ulike gruppene i vår eiga tid. I sommar og i haust har jo nyhetsbilete vore prega av krigen i Gaza, og ulike hendingar og åtak i Jerusalem. Eitt av dei skjeddene medan me var der ikkje så langt frå hotellet vårt. Menneske vart skadde og liv gjekk tapt i ei hending der ein bil råka folk som reiste med bybana.

Som utlendingar kunne me passera alle vaktpostar og sperringar med turistbuss. Me måtte likevel tenke på dei som kvar dag står i lange køar for å sleppe igjennom på veg til arbeid. Det er uråd på ei kort reise å få den fulle forståinga



Josef og Maria budde i Nasaret, og Jesus vaks opp der. I den byen er det no laga til eit område slik ein tenkjer det såg ut på Jesus sin tid.

av alt som skjer. Me fekk møte menneske som kunne fortelje sine historier, og sine opplevingar. Det er ei viktige røynsle. Dei små glimta av von som me anar kjem nett frå desse ein-skilde forteljingane som ikkje kjem fram i media, menneske som trossar skillelinjene og møter kvarandre i dialog.

Den Norske Israelmisjon har eit programarbeid kalla «Bridgebuilders». Her får unge jødar og palestinarar møte kvarandre saman med norske ungdommar. Dei har vore i Norge. Dei får utfordringar og oppgaver

som må løysast i fellesskap. Du kjem ikkje lange biten i ein kano om dei som er om bord padlar kvar sin veg. Dei har og vore på kamelryggen saman i øydemarka. Her gjev den absolutte stilla tid og anledning til å setje ord på ting og å lytte til kva den andre har å seie. Du hoppar ikkje av ein kamel i fullt firsprang, sjølv om det er vondt å høyre det som vert sagt. Her vert venskap skapt. For første gong får dei møte kvarandre. Nokre av dei er ungdommar som deler same trua på Jesus, sjølv om dei sit på kvar sin side av gjerdet.

Jula handlar om fred. Det er det som er budskapet frå Betlehemsmarka. «Ære vere Gud i det høgste og fred på jorda blant menneske som Gud har glede i.» Kan dei menneska som Gud har glede i og finne å ha glede i kvarandre? Freden tek små steg, og til tider store attersteg. No skal me tenne adventsljosa fram mot jul her i vårt land, og lese tekstar om han som kom og som fortsatt kjem med ein fred som er annleis en dei våpenkviler menneska gjev kvarandre. Finst det von i hangande snøre? Me må ikkje slutte å tru på det.




Jesus si tid. Her er nokre barn på marka saman med eit esel.

Dei Betlehemsmarkene der gjetarane ein gong passa sauene sine er i dag trafikerte gater i byen. Freden og englesongen må finnast midt i uroa. Den må finnast i dragninga mot det nyfødde barnet som peiker på ei framtid me ikkje kan sjå, ei visse i uvissa.

Me kjem att frå Herrens eige land med fleire spørsmål enn då vi drog ned. Men det er spørjeteikna som kan gje at me vert meir opptekne av kva dei andre har å fortelje. Svara er mange og går i mange ulike retningar. Når me kjem nær ser med nokre av detaljane. På avstand ser me eit større bilete. Men berre dei som lever der kan finne dei svara som er mogelege og naudsynte å finna. Inn-til då får me leva med dei mange spørsmåla og lytte til budskapen av englar, gjetarar og vise kvinner og menn.


Edvard Bø



Betlehem er naturleg nok annleis no enn då Jesus vart fødd. Det er reist ei kyrkje for å markera staden der Han var fødd, og i kjellaren er det ei grotte med eit lite kapell. Heller ikkje det er nett slik det såg ut då Jesus vart fødd, men ein kan likevel bli fylt av høgtid av å vere der.

Kyrkjebøker i Vaksdal

Alle bøkene kan kjøpast på Kyrjekontoret



Kyrkja i dalen (2008)
Nesheim kyrkje 100 år.
111 sider -

NY PRIS kr 150,-.

Kan kjøpast i butikane på Lavik. Kan òg kjøpast hjå boknemnda: Albert Gullbrå, Nils N. Nesheim og Asbjørn Nese.



Dei bygde draumen (2005)

Jubileumsskrift for Bergsdalen kyrkje 50

år. 220 sider -

NY PRIS kr 200,-

Kan kjøpast her:

Dale: Gyda.


Bergsdalen: Hjø medl. i soknerådet og i kyrkja.



Kyrkjestaden Dale

100 år (1996)

104 sider - kr. 50,-.



Soga om Stamneskyrkja (1986) 239 sider - kr. 50,-.

Jubileumshefte for Stamnes kyrkje

(perioden 1986-2011)

er til sals hjå sokneråds-medlemmene, Kr 100,-

Den nye kyrkjeverja

Bjart-Magnus Ndogo Rosvold er det fulle namnet på vår nye kyrkjeverje. Mellomnamnet tok han då han gifte seg med Veronica frå Kenya. Han kjem frå ein familie som er aktivt med i det kristelege arbeidet. Foreldra hans har mellom anna i fleire år vore med som konfirmantleiarar, det same har systera Margot-Helene – ho vart intervjuet i Kyrkjebladet som kom til påske i fjor. Broren Knut-Erlend har vore sivilarbeidar i kyrkjelydane i Vaksdal, og er no i teneste for Ungdom i Oppdrag i Sentral-Asia.

Korleis har oppstarten som kyrkjeverje vore, Bjart-Magnus?

- Travel! Og veldig spanande og gøy! Eg visste at kyrkjeverja dekkjer eit stort fagområde, men var ikkje klår over nett kor breidt ansvarsområdet er. Så kvar dag er ulik, sjølv om det er mange oppgåver som går att.

Har du oppdaga sider ved kyrkja sitt arbeid du ikkje var klar over frå før?

- Eg ser at i tillegg til dei løna arbeidarane er det mange som er med på friviljug basis rundt om i sokna. Dei er ein utruleg viktig ressurs, som me er heilt avhengige av for å få arbeidet til å gå rundt. Eg vert audmjuk når eg ser kor mange arbeidstimar som vert lagt ned av friviljuge medarbeidarar. Det er heilt fantastisk. Det som på den andre sida gjer meg uroleg er standarden på kyrkjebygga. For etter slepet når det gjeld vedlikehald er alt for stort.

Kva tenkjer du om arbeidet framover, kva er viktig å arbeide med i kyrkjelydane framover?



Bjart-Magnus leier her si første soknerådssamling då dei var samla i midten av november.

Og korleis ser bilete ut om til dømes 10 år?

- Det er jo ingen som veit korleis det ser ut om 10 år, men kyrkja har store endringar framføre seg. Det kjem ny kyrkjelov i samband med lausrivinga frå staten, og den nye kommunestrukturen som er på trappene vil og spele inn. Så det er massevis av utfordringar som ventar oss. Endringar vil koma, en det er berre positivt når dei vert til det betre. Og for oss gjeld det å møte utfordringane på ein positiv og konstruktiv måte.

- Det som er viktig for oss er å halde fram med det me er gode på. Eg trur det er lurt å finne områder der kyrkjelydane kan samarbeide endå meir, på tvers av soknegrensene. Dei har mykje å lære av kvarandre når dei utvekslar røynsler i arbeidet. Dei treng ikkje nett å finne opp kruttet på nytt heile tida!

Kva har du halde på med tidlegare?

Eg har halde på med mykje forskjellig. Mellom anna arbeide eg i daglegvarebransjen i mange år, og dei siste fem åra har eg arbeidd i Gjensidige forsikring. Der arbeide eg med sal og kundeservice ovanfor privatkundar, og i Gjensidige Bank.

Bjart-Magnus er fødd i Molde, men kom til Dale og Holhovden allereie før han var eitt år. Då han var seks år flytte familien til Dæmring. – Så eg føler meg som ein pomping, seier Bjart-Magnus med eit smil. Etter ungdomsskulen gjekk han tre år på Lundeneste vidaregåande skule, som er ein internatskule. Så fylgde eit år med militærtjeneste før han flytte til Bergen. Så, i 2011, flytte han attende til Dale og barndomsheimen der. – Det er ei litt rar kjensle å legge seg i same rommet som eg sov i då eg var liten gut, seier han.

Bjart-Magnus har vore kristen heile livet, seier han.

Kva tyder trua di for deg?

- Trua har gjeve meg veldig mykje opp igjennom livet. Ho har gjeve meg ein grunnmur og ein stabilitet som har gjort at eg har stått på trygg grunn også gjennom vanskelege tider.

Bjart-Magnus likar å syngje, og har sunge i kor omtrent heile livet. Dei siste fem åra har han sunge i mannskoret Manna i Bergen, seier han. – Elles så er eg ein ihuga hobbyfotograf, likar å gå i skog og mark eller å vere ute med båten min. – Og eg er mykje saman med vener og familie – det er viktig for meg.

Og nett familie vert det snart meir av, for Bjart-Magnus avslørar at i februar ventar Veronica og han sitt fyrste barn.

**Intervju/tekst:
Frode Kvamsøe**

ADVENTSKONSERTAR

i kyrkjene våre

Dale kyrkje, søndag 7. desember kl. 19.00

Klassiske songar, jazzbalader, gladmusikk, og kjende advents- og julesongar

Korskulen i Vaksdal, med eiga ungdomsgruppe - Elevar frå kulturskulen

Torsdagsklubben - Hege Eide Vik, song - Sigurd Øygard Steinkopf, trommer

Musikalske leiarar: Kantorane Steinkopf

Adventstankar ved Kari Hegge

Arr: Dale sokneråd

Stamnes kyrkje, laurdag 13. desember kl. 16.00

Lucia, lystening, stemning og sjarm... no sett vi øss og kvile og puste på ei stund

Stamnes barnekor - Elevar frå kulturskulen

Sunniva Gammersvik, fløyte - Hege Eide Vik, song

Adventstankar

Arr: Stamnes sokneråd

Eksingedalen kyrkje, søndag 14. desember kl. 11.00

Vi syng jula inn

Jentegruppa KNIS - Noverande og tidlegare elevar frå kulturskulen

Olav Arne Steinkopf

Adventstankar ved Frode Kvamsøe

Arr: Eksingedalen sokneråd

Vaksdal kyrkje, søndag 14. desember kl. 19.00

Kjende og nye advents- og julesongar

Kordial - Kilden - Bergens Turnforenings Orkester

Felles prosjekt med framføring av Buxtehudekantata «In dulci Jubilo»

Adventstankar ved Jan Erik Bernes Roe

Arr: Vaksdal sokneråd

Min salme

I førre kyrkjeblad kom Ole John-ny Domben med sin variant av Min salme. Han utfordra Morten Bjerke og her er hans bidra.

Å verta utfordra slik kan kjennast skummelt, sjølv om eg likar å syngja salmer. Eg lyt tenkja gjennom om eg verkeleg har nokon» favoritt».

Ser me i salmeboka (Landstads kirke-salmebok) finn me dei ulike salmane knytte opp til spesielle høgtider/hendingar i liva våre: jul, påske, dåp, gravferd for å nemna nokre. Knytte opp mot desse høgtidene/hendingane kan fleire verta «Min salme». «Påskemorgen slukker sorgen» er Min salme denne gongen, og som eg vil knyta nokre tankar rundt.

Eg er født og oppvaksen i Oppdal - ei fjell-bygd 550 moh. Der har skigåing og snøaktivitetar vore drive i generasjonar, fyrst som framkomstmiddel for bygdafolk og seinare som turistnæring. Tidleg vart påskehelga/-veka ei høgtid for bygda fordi det kom mykje folk dit som ville gå på ski.

Dette vart ei anledning - og for private - og leiga ut husvære. Me hadde stort hus med mange rom og fekk etter kvart. faste gjestar som kom att kvar påske. Mor mi vart tidleg enke og huset vart brukt som ei inntektskjelde. Påskegjestane hadde kost og losji heile veka. Dei som leigde rom i huset til vanleg, reiste heim på påskeferie. Me sjølve flytta ut av romma våre. Dette var ei travel veka, særleg for mor, men nokre oppgåver fall og på oss 2 borna. Skiturar ilag med gjestane vart det likevel. Framleis set eimen av tjørklisteret for vårsnøen att i nasen.

Mor var eit truande menneske og me gjekk ofte i kyrkja. Men 3 km til kyrkja og ingen bil den gongen, seier sitt. I ei travel påskehelg vart kyrkjegangen vanskeleg. «Min salme» vekkjer gode minner frå opveksten i ei trygg/ufarleg bygd og ein god heim.

Han utfordrar Margrethe Jamne til å kome med Min salme til neste nummer av kyrkjebladet.

Påskemorgen slukker sorgen

Tekst: N. F. S. Grundtvig 1843

Melodi: Ludvig M. Lindeman 1864

Nr 189 i Norsk salmebok / nr. 196 i Norsk Salmebok 2013

*Påskemorgen slukker sorgen,
slukker sorgen til evig tid;
den har oss givet lyset og livet,
lyset og livet i dagning blid.
Påskemorgen slukker sorgen,
slukker sorgen til evig tid.*

*Redningsmannen er oppstanden,
er oppstanden i morgengry!
Helvede greder, himlen seg gleder,
himlen seg gleder med lovsang ny.
Redningsmannen er oppstanden,
er oppstanden i morgengry!*

*Sangen toner, vår forsoner,
vår forsoner til evig pris;
han ville bløde for oss å møte,
for oss å møte i paradís.
Sangen toner, vår forsoner,
vår forsoner til evig pris.*

*Bøtt er brøden, død er døden,
død er døden som syndens sold!
Nå ligger graven midt i gudshaven,
midt i gudshaven i Jesu vold.
Bøtt er brøden, død er døden,
død er døden som syndens sold.*

*Mørket greder, englekleder,
englekleder de er som lyn.
Om enn bedrøvet smiler dog støvet,
smiler dog støvet ved englesyn.
Mørket greder, englekleder,
englekleder de er som lyn.*

*Se, i skarer opp vi farer,
opp vi farer fra grav i sky.
Tungene gløder, Herren vi møter,
Herren vi møter med lovsang ny.
Se, i skarer opp vi farer,
opp vi farer fra grav i sky.*





• Livs og trus VEGEN i Vaksdal

• **Vegen** er namnet på trusopplæringa for ALLE døypte, og andre som ynskjer det, i heile Vaksdal

• **Vegen** er livs- og trusvegen me vandrar med kvarandre og med Gud heile livet

• **Vegen** er trusopplæring for alle frå dåpen og til 18 år og vil vere livsnært og kjekke samlingar for born og unge (saman med alle aldrar) i Vaksdal

• I Vaksdal er det like naturleg å delta i trusopplæringa som å bere borna til dåpen

• Gud gjev – vi deler. Gud gjev livet og trua. Vi deler tru, fellesskap og liv med små, store og eldre

• **Vegen** vil gje born og unge i Vaksdal del i den kristne kulturarven. Me opnar opp for det vakre Gud har skapt og for kunst og musikk

• Ver med – gå nokre steg saman med born og unge i kyrkjene og i heimane, enten du er born, ungdom, foreldre, besteforeldre, oldeforeldre, fadder eller berre vil vere med

• Informasjon finn du i Kyrkjebladet og på kyrkja si heimeside (vaksdal.kyrkja.no) og det kjem som invitasjon i posten



Kva kjem til å skje?

Samlingane vil vere ulike og tilpassa borna sin alder. Det vil vere tilbod til alle. Born og unge med særskilde behov vil det verta lagt til rette for så langt råd er.

Det vil vere ulike tema og innhald frå gong til gong, sett opp i ein samla plan, og i eit årshjul. Nokre type samlingar vil gå att:

- Dei fleste samlingane vil vere knytt til ei gudsteneste
- «Gudsrikeleiken» vil verta nytta som forteljingsmetodikk og opplegg på mange samlingar
- Vandringar ute og inne i kyrkjerommet, vår og haust
- Samlingane med ungdomane vil bere preg av leiarfokus og «medvandring»
- Song og musikk vil vere ein natuleg del



Gløtt frå Trusopplæringa i Vaksdal



5-ÅRINGANE I KLOKKEÅRNET PÅ DALE

Det er blitt ein tradisjon med at 5-åringane i Dale barnehage får koma opp i klokkeårnet i Dale kyrkje. Der får dei mellom anna sjå barnehagen og Dale elles «frå lufta», og dei får dunke på kyrjeklokkene med hendene sine. Etterpå får dei diplom for at dei har klatra opp dei 107 trappetrinna og stått 19 meter over bakken. Her står born og vaksne klare til å gå opp dei siste trinna før dei er oppe.

NYTESTAMENTE TIL 10-ÅRINGANE

I år gjorde me ein ny vri når det gjeld uteling av Det nye testamentet, og baud inn årets 10-åringar til å få boka i haust. Her det me nokre av 10-åringane i Dale sokn få boka i Dale kyrkje søndag 59. november



KORSKULEN PÅ HAUSTTREFF

Korskulen i Vaksdal var med på Ung Kirkesang sitt hausttreff 25. oktober. Hausttreffet var i Biskopshavn kirke i Bergen, og på bilete ser me nokre av våre songarar i blå genserar i det store koret under øving til konserten. Det var songarar frå Stamnes, Dale, Stanghelle og Vaksdal med på treffet.

4-ÅRINGANE FEKK «MI KYRKJEBOK»

I år er det berre fireåringar i Dale og Vaksdal sokn, og dei vatr innbedne til gudstenester 9. og 19. november. Begge stader var det og samlingar to onsdagar, der dei mellom anna fekk lage sin eigen adventskalender. Her ser me frå ei av samlingane på Dale, der Eli Kringlebotten forklarar kva dei skal gjere.



Me vann nattcupen i fotball!



Her er heile gjengen som var på nattcup. Fremst er dei som spela på laget som vann. Frå venstre: Magnhild, Sara, Anna Yu, Silje, Malin, Martine, Amanda, Andrea og Aina.

Konfirmantane i Vaksdal dreg kvar november på nattcup i fotball i Haukelandshallen i Bergen. I år hadde me og med oss konfirmantar frå Modalen. Det er friviljug for konfirmantane om dei vil vere med eller ikkje, noko som til dømes gjer at dei betalar deltakinga sjølv. Alle fekk kvite T-skjorter frå vår mangeårige T-skjortesponsor BKK. 38 konfirmantar var med i år, og dei hadde med seg tee foreldre som leiarar i tillegg til trusopplæraren i Modalen og underteikna. Me stilte med to lag i jenteklassen og to lag i

guteklassen. Eit gutelag gjekk til sluttspillet, men rauk ut i kvartfinalen. Eit jentelag kom og til sluttspillet, og dei gjekk – etter straffedrama både i kvartfinalen og sjølve finalen – til topps! Finalen vart spela om lag kl kvart over fem om natta, og dei som ikkje sjølv spela sto langs sidelinja og var heiagjeng. Nattcupen er både fotball og fellesskap, så difor kan alle som var med seie: Me vann Nattcupen!

Frode

Full fart på fotballbana. Her er det Mathias som er i aksjon.



TÅRNAGENTAR 2015

Det har vorte tradisjon med Tårnagentar i Vaksdal kyrkje. Tårnagenthelga er til neste år vert **laurdag 7. og sun-**

dag 8. februar. Samlinga er for alle er dei som vart fødd i 2007 i alle kyrkjene våre. Sett av denne helga som avsluttast med ei gudsteneste på sundagen. Det vert sendt ut innbydingar til dei aktuelle agentane når det nærmar seg.

Kva er ein tårnagent?

Tårnagentane er nyskjerrige. Dei inntek kyrkja med lupe og lommelykt for å fravryste ho mange skjulte ting og løyndomar. Du får eige identitetsskort og er på lag med andre i

å løyse oppdrag frå sjefen.

Skattejakt

Kva skjuler seg bak spindelvevet i tårnet. Kyrkja er gamal. Noko var annleis før. Kva tyder dei ulike fargane grønt, lilla, raudt og kvitt? Eller var det gull og sølv? Skattkista hjelper oss utforske mange skattar. Det er ikkje gull alt som glimer, men nokre skattar er meir verd enn gull og edelsteinar.

Løyndomar

Ein agent må lære seg å hal-

de på løyndomar. Det er ikkje alt somvert sagt høgt. Noko kviskrar me. Oppgåver som skal løysast står med lita skrift på små brev. Noko er skjult i symboler eller koder. Kva vil budskapet seie oss? Som de skjønar kan ikkje alt informerast om her på førehand. Slik er det å vere ein agent. Noko finn du først ut av på plassen. Kvifor er det tårn i kyrkja og kvar kjem klokkene ifrå? Kom så får du høyre.

Helsing Sjefsagenten

Vegen vidare ...



Foto: Per Småbrekke

Eg er ofte på tur i Bergsdalsfjella. Det er noko av det kjekkaste eg gjer. Med eller utan ski, alt etter årstid. Ofte kan eg ha eit mål når eg går ut, men så gå ei ekstra sløyfe, eller ende opp annan stad enn planlagt.

Slik er det visst i livet innimellom for mange av oss også. Vi legg i vei og planlegg for noko, men så må ein likevel ta val som fører i anna retning eller tilbake der ein kom frå. For meg er det slik nett no. Eg var heldig å få starte som prest og trusopplærar i Vaksdal i januar og såg fram til å vere med i eit kjempespennande trusopplæringsarbeid med «livs – og trusvegen» i alle dei seks sokna våre. Men så i haust har eg måtta innsjå at «livet ikkje gjekk opp». Det vart for krevjande for ungane og familien når vi bur på Sotra, og ungane lyt komma fyrst!

Det er difor eg sluttar til nyttår. Men eg vil takka alle dykk eg har møtt, som har teke så raust imot meg. Takk for alle gode møtepunkt og samtalar denne tida, for gudstenestefeiring og fellesskap. Så vil eg og familien fortsatt vere mykje i Bergsdalen på hytta på Berge. Eg skal fortsetta med arbeidet knytt til «Bergheim» på Bergsdalshytta, så eg vonar å sjå mange av dykk vidare.

Slike omvegar er ikkje lette. Det er krevjande å verta stoppa, og det kjennes som ein vanskeleg omveg for meg. Likevel trur eg på ein veg vidare både for trusopplæringa i Vaksdal og for min eigen del. Ikkje minst tenkjer eg slik fordi eg veit at vi går denne livs – og trusvegen saman med Gud. Det er slett ikkje alltid eg ser kor han tenkjer vegen går. Nokon gongar i livet har eg vore fortvila og sint på Gud, når ikkje har skjont «kvifor» og «kva som er meininga»... Erfaringa er likevel at Gud tåler det. Han tåler alt av deg og meg, og ynskjer nettopp at vi snakkar med Han om det.

Eg trur òg at Gud dag for vil «gjere oss vise og læra oss den vegen vi skal gå, og at vil la sitt (gode) auge kvila på oss og gje oss råd» (Salme 32, 8). Det er mykje trøyst og von i eit slikt Gudsbilete og slike erfaringar på livsvegen. I tillegg er kyrkja fellesskap med alle dei døypte. Du og eg skal ikkje går eller bere alt åleine. Det er eit stort «vi» av små og store menneske som trur saman, «hjelpar i brattaste bakkar» og som gler seg over det gode Gud har skapt og gir oss. Vi får alle saman dele brød og vin i nattverden og ta imot av Guds uendelege kjærleik. Alt dette får vi leve i og med, på vegen vidare i Vaksdal.

Guds velsigning på vegen vidare for deg, for trusopplæringa og kyrkja!

Helsing Marianne Bergsjø Gammelsæter
Kyrkjelydsprest/trusopplærar

KONFIRMANTÅRET ER I GANG

I Vaksdal er det bra oppslutning om den kyrkjelege konfirmasjonen. Det er 48 ungdomar som fylgjer opplegget. Konfirmantane i Vaksdal og Dale sokn, og i Stamnes skulekrins, har det meste av opplegget saman. Dei to på Eidsland er saman med konfirmantane i Modalen – der dei går på skulen. I Eksingedalen er det tre konfirmantar, inkludert den eine 8. klassingen i dalen. Konfirmantane har vore på leir, teke del i gudstenester og skal vidare vere med på Salmeslaget den 17. januar.

Gruppa i Eksingedalen er så liten at der har me høve til å ha nokre av samlingane i heimane deira. Her ser me, frå venstre: Håkon, Mona og Jacop.



Vellukka Jordbærjazz



Frå Pilegrimsvandringa.

Den fyrste Jordbærjazzen gjekk av stabelen helga 6. og 7.september i Bergsdalen. Det vart ei vellukka helga med mykje folk i alle aldrar og god stemning begge dagane.

Laurdagen starta med godt, varmt ver og nær førti små og store møtte opp ved kyrkja til pilegrimsvandringa. Alle «pilegrimane» fekk utdelt pilegrimspass, og før vi gjekk orienterte Marianne om kva ei pilegrimsvandring er og litt om kva ein pilgrim har med seg på vandringa. Vandringa gjekk nokre kilometer via stasjonar med tema frå Salme 23 i Bibelen, der alle fekk ulike spørsmål å tenke på eller noko å gjere undervegs.

Utover føremiddagen vart det opna «Jordbærjazz-kafe» i kjellaren med utruleg mykje god mat og kaker. Det var sal av litt av kvart og mykje drøs i ein fullsatt kyrkjekjellar. Om



Frå konserten.

ettermiddagen vart det vist film, og Per Småbrekke hadde ei god orientering om kyrkja si historie.

Så var det duka for jazzkonsert med unge og svært dyktige jazzmusikarar frå Voss jazzskule, og ikkje minst var

Elisabeth Trøen frå Bergsdalen med på saxofon både laurdag og på jazzmessa søndagen. Laurdag var og Kjar-tan Gulikstad med og spelte gitar. Søndagen var kantorene, Kilden og band med, og det svingte og var kjempestemning begge dagane i

Bergsdalskyrkja! På jazzmessa var det både dåp og nattverd og mykje folk, som òg koste seg på kyrkjekaffien i kjellaren etterpå.

Marianne

Konfirmantjubiläum



50-årskonfirmantar på Stamnes 4. oktober 2014:

Frå venstre: Brit Olin Myster Styve, Bjørg Gammersvik, Edel Tøsse Lilletvedt, Arnvid Ingve Dæmring, Svanhild Bjørg Leiren Hodnekvam, Audny Margretha Leiren Thuestad, Eller Karin Stamnes Daltveit.



50-årskonfirmantar på Dale 5. oktober 2014:

Framme, frå venstre: Marian Reigstad Ragnvaldsen, Karin Småbrekke Nilsen, Anne Sellevold Hol, Åse Thomassen Strønen, Reidun Laastad Dyvik, Åshild Kallestad Longva. I midten, frå venstre: Karen Alette Lid, Åslaug Kasa Fivelsdal, Eli Vassenden Kringlebotten, Kirsti Vedå, Dagny Vassenden Gilje Antonsen, Per Kvamme, sokneprest Frode Kvamsøe. Bak, frå venstre: Johannes Ravnstad, Øystein Rønhovde, Arnljot von Mehren, Erling Karlsen.



50-årskonfirmantar på Vaksdal 12. oktober 2014:

Framme, frå venstre: Gullborg Tolås, Ellen Berge, Karin Mjælde Faugstad, Marit Hausvik, Marit Larsen.
Bak frå Venstre: Svein Nordvik, Knut Hansen, Ole Johan Tunes, Tor Hisdal.



60-årskonfirmantar på Dale 5. oktober 2014:

Framme, frå venstre: Bodil Anny Myklebust Jordalen, Oddveig Dankertsen Kaland, Marta Rønhovde, sokneprest Frode Kvamsøe. Bak, frå venstre: Tormod Lid, Johannes Årvik, Agnar Sellevold.

Gudstenestereform Tekstlesing

«I opphavet var Ordet, Ordet var hos Gud, og Ordet var Gud.»

«Og Ordet vart menneske og tok bustad mellom oss.»

Joh. 1, v1, 14a

Å lese frå Bibelen, lese Guds ord, er sentralt i kristendommen og i vår gudstenestefeiring.

Bibelen inneheld Det gamle testamentet (GT) og Det nye testamentet (NT). Innanfor desse finn me ulike skrifter i form av bøker og brev.


I gudstenestene våre les me frå både GT og NT. Me har oftast tre lesingar. Ein frå GT og to frå NT, ein tekst frå eit av breva og ein tekst frå evangelia. Evangeliet, forteljinga om Jesus og livet hans står i Det nye testamentet. Me har fire evangelium og det er mest vanleg at presten talar over ein evangelietekst i preika. Lesetekstane i gudstenestene er samansett på ein slik måte at dei skal verke forklarande på kvarandre. Det kan gjerne vere eit tema

som går att og som kan sjåast på ulike måtar, eller ein profeti frå det gamle testamentet, som vert oppfylt i det nye testamentet.

I den nye gudstenestereforma vart teksttrekkene reviderte og sett saman på nytt. Det er eit svært arbeid som er utført, og det er vel gjenomtenkt. Det er no tre ulike rekker med tekstar, før var det to. Det vil seie at det går tre år før ein er rundt og attende til første rekke med tekstar. På den måten har ein fått med fleire tekstar frå Bibelen som vert lest i våre gudstenester.

Nokre av bibeltekstane har og fått eit lengre innhald. Ein har valt å ta med meir av forteljingane, ta med fleire vers. Slik kan ein oppleve at forteljingane får endå meir innhald og kanskje gjev større forståing.

I det reviderte arbeidet er det og laga til ei rekke med forteljingstekstar, oftast evangelietekstar. Dette er meint som alternative tekstar om ein skal ha ei gud-



steneste meir tilpassa enkelte aldersgrupper.

Det er godt å kunne sitje og høyre Guds ord lest. Difor sit me no under lesingane, dei to første. Men evangelieteksten som fortel oss om Jesus, viser me respekt og reiser oss for, i vørndnad.

Guds ord vender ikkje tomt attende, står det skrive, og for oss som høyrer ordet kan me uttrykke oss i svaret: GUD VERE LOVA, HALLELUJA!

Tone Synnøve


JULEFEST I VAKSDAL BEDEHUS

Laurdag 3.

jan. kl. 16.00

Mange ser fram til den årlege julefesten som Vaksdal sokneråd held på Vaksdal be- dehus. Her får borna kome saman og gå rundt juletreet i heile tre ringar. Me satsar på eit tradisjonelt program med anda- kt, julesongar, god mat og framføring av juleevangeliet. Så er det loddsal med fine gevinstar. Nokre år hadde me separate fester for dei eldre i romjula, men dei sein- are åra har det vore berre ein felles fest for alle generasjonar.

Edvard Bø



**Det store
salmeslaget**

**i
Vaksdal samfunnssal
Laurdag 17. januar
kl. 20.00**



CD-en kostar kr 100,-,
og kan kjøpast hjå lokale forhandlarar eller
gjennom Kyrjekontoret



Vaksdal bedehus

Søndag 25. januar kl 11.00:

Storsamling, talar Karen Sofie Aasmyr

Søndag 1. februar kl 17.00:

«Vera saman-samling»

Søndag 15. februar kl 11.00:

Storsamling, talar Reidun Skurtveit

Søndag 22. mars kl 11.00:

Storsamling, felles samling med kyrkja



Dale bedehus

Onsdag 14. januar kl. 19.00.

Møte. Tale ved Reidun Skurtveit

Onsdag 4. mars kl. 19.00.

Møte. Tale ved Audun Hjelvik

Laurdag 14. mars kl. 18.00.

Bibelhelg. Tale ved Ole Corneliusen

Sundag 15. mars kl. 18.00.

Bibelhelg. Tale ved Ole Corneliusen



Stanghelle bedehus

Sundag 4. januar kl. 17.00.

Julefest. Tale ved Reidun Skurtveit.

Onsdag 11. februar kl. 19.00

Møte. Tale ved Ottar Dalseid



DALE KYRKJE

FRE 12 DES. KL. 19.00

DALE MANNSKOR



Bill. v døren. Voksne kr. 200,- Barn kr. 100,- Innsamling til misjonutengrensers julepakke-aksjon



Kirkens SOS

Vil du gi tid til mennesker som trenger noen å snakke med?

Velkommen som medarbeider på Kirkens SOS! Du kan gjøre en forskjell for mennesker som har det vanskelig, og samtidig oppleve personlig utvikling.

Kirkens SOS er Norges største døgnåpne krisetjeneste, tilgjengelig på telefon og internett. Du får innføringskurs, veiledning og videre faglig oppløring så lenge du er med i tjenesten.

Innføringskurs starter i Bergen 29. september.
Interessert?

Kontakt: Kirkens SOS i Bjørgvin
Tlf 55 32 58 45 / mob 941 83 654
Epost: bjorgvin@kirkens-sos.no
Mer info: www.kirkens-sos.no/bjorgvin



STØRST AV ALT

Tid for en kveld blant gode venner...
Tid for kos, sosialt og underholdning...
Tid for quiz og god mat...
Tid for «Det store salmeslaget»

TID FOR REUNION!!

DU er hjarteleg velkommen til reunion for dei som var konfirmantar i 2011, 2012, 2013 og 2014.

i VAKSDAL BEDEHUS
LAURDAG 17. JANUAR KL. 18.00!

TOMME- STOKKEN BYGG AS

Vi har stillas
med hengjar til leige.

Tlf. 481 44 680



Liv Anne's AS

Kafé – Bakeriutsalg – Catering
5722 Dalekvam - Tlf. 56 59 66 50

Brød og kaker fra Hjelle
Kaldtbord
Snitter

Minnesamvære:

- Dekking
- Mat
- Servering

ARNPRO

Tlf. 56 53 00 60 • www.arnpro.no



- vi gir morgendagen nye muligheter



Opningstider:
Mån-laur 8-20
Søn 12-20

Avd. 405 Dale

5721 Dalekvam - Tlf. 56 59 61 01

SÆTERDAL ELEKTRO

Me leverer alt innan
elektrikartenester.
Tlf. 56 59 43 00



– satsar på Vestlandet

Tlf. 56 59 39 00 - www.spv.no

VAKSDAL BLOMSTER OG BEGRAVELSESBYRÅ AS

Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.

*Kransar - Sløyfer -
Oppsatsar - Bårebukettar*

Mob. 91 17 97 66

Vē vangen elektriske a/s

AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPRENØR

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstrøm
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66

www.vangen-elektriske.no

GRAVMINNER



Utstillingen kan sees i butikk.
Vi lager også modeller etter ønske.

• Navntilføyer • Omslip
Restaurering • Bolting • Oppretting

S
**STEINRIKET
DALE AS**

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • www.steinriket.no

SLEKTERS GANG



DØYPTE

Bergsdalen

07.09 Aron Vetås Tveit

07.09 Tilde Terjesen-Pettersen

02.11 William Emilio Tveit

Dale

07.09 Filip Tveit-Danielsen

21.09 Emily Dyvik-Gullbrå Steinberg

21.09 Ariana Dyvik-Gullbrå Steinberg

05.10 Brage Sigurdson Aschehoug

05.10 Mille Sandvik

05.10 Oda Sofie Berstad Hesjedal

26.10 Isak Seim Stanghelle

Stamnes

09.11 Leah Madelen Mo Lilletvedt

Vaksdal

28.09 Arne Thom Welander

12.10 Isabell Olsen Lunde

16.11 Live Erstad

16.11 Daniel Mjelde



Bergsdalstunet

Bergsdalstunet

56 59 89 34



DØDE

Bergsdalen

08.11 Kjellaug Berg 1936

Dale

09.10 Kirsten Knutsen 1927

01.11 Anne Karin Madsen 1946

06.11 Klara Langhelle 1920

15.11 Klara Søvik 1926

Stamnes

28.09 Gudrun Dyvik 1922

06.10 Olga Farestveit 1942

Vaksdal

30.09 Borghild O Fosse 1917

07.11 Otto Gerhard Ulevik 1925

Alt innan tømrararbeid



TLF. 922 65 739



VELKOMEN TIL KYRKJA

Laurdag 6. desember

NESHEIM KYRKJE kl. 15.00. Lysmesse/Lys Vaken-helg, Gamlemøter og Kvamsøe. Nattverd. Kyrkjekaffi.

Sundag 7. desember - 2. sundag i adventstida

BERGSDALEN KYRKJE kl. 16.00. Lysmesse. Kvamsøe. Dåp. Nattverd. Kyrkjekaffi. Soknemøte om innføring av ny salmebok. EIDSLAND KAPELL kl. 16.00 Lysmesse. Bø og konfirmantane. Dåp. Nattverd. 4-åringane og 10-åringane er særskild innbedne. Kyrkjekaffi.

Sundag 14. desember - 3. sundag i adventstida

DALE KYRKJE kl. 11.00: Gudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd.

Sundag 21. desember - 4. sundag i adventstida

Ingen gudsteneste i Vaksdal.

Onsdag 24. desember - Julaftan

NESHEIM KYRKJE kl. 12:00. Julegudsteneste. Bø.
STAMNES KYRKJE kl. 13:30. Julegudsteneste. Kvamsøe.
DALE KYRKJE kl. 15:00. Julegudsteneste. Kvamsøe.
DALE KYRKJE kl. 16:00. Julegudsteneste. Kvamsøe.
VAKSDAL KYRKJE kl. 16:00. Julegudsteneste. Bø.
EIDSLAND KAPELL kl. 16:15. Me syng jula inn.

Torsdag 25. desember - Juledag

VAKSDAL KYRKJE kl. 11:00. Felles høgtidsgudsteneste for Vaksdal og Dale sokn. Bø og Kvamsøe. Dåp. Nattverd. Forsongarane møter kl. 10.00.

Fredag 26. desember - 1. Juledag

BERGSDALEN KYRKJE kl. 11:00. Høgtidsgudsteneste. Kvamsøe. Dåp.
STAMNES KYRKJE kl. 11:00. Høgtidsgudsteneste. Bø. Dåp. Nattverd.

VELKOMEN TIL KYRKJA

Sundag 28. desember – Sundag etter jul
Ingen gudsteneste i Vaksdal.

Onsdag 31. desember – Nyårsaftan
STAMNES KYRKJE kl. 16:00. Minnegudsteneste, felles for heile Vaksdal. Bø.
VAKSDAL KYRKJE kl. 23:15. Midnattsmesse. Bø.

Sundag 4. januar - Kristi openberringsdag
DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Dâp. Nattverd.

Sundag 11. januar - 2. sundag i openberringstida
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Dâp. Nattverd.

Sundag 18. januar - 3. sundag i openberringstida
DALE KYRKJE kl. 18.00. Musikk-gudsteneste. Bø og Kvamsøe. Dâp. Nattverd.

Sundag 25. januar - 3. sundag i openberringstida
STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Dâp. Nattverd.
NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Dâp. Nattverd. Kyrkjekaffi. Årsmøte.

Sundag 1. februar - Sâmannssundagen
DALE KYRKJE kl. 11.00. Familiegudsteneste/Lys Vaken-helg. Kvamsøe. Dâp. Nattverd. Kyrkjekaffi.
EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 15.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Dâp. Nattverd. Kyrkjekaffi. Årsmøte.

Sundag 8. februar - Kristi forklâringsdag
BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Dâp. Nattverd. Kyrkjekaffi. Årsmøte.
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Familiegudsteneste/Târna-genthelg. Bø. Dâp. Nattverd. Kyrkjekaffi.

Sundag 15. februar - Fastelavnssundag
DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste med songgruppa mMokkat. Bø. Dâp. Nattverd.
STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Dâp. Nattverd. Kyrkjekaffi.

Sundag 22. februar - 1. sundag i fastetida
EIDSLAND KAPELL kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Dâp. Nattverd.
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Dâp. Nattverd.

Sundag 1. mars - 2. sundag i fastetida
DALE KYRKJE kl. 18.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd.

Sundag 8. mars - 3. sundag i fastetida
NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Dâp. Nattverd. Kyrkjekaffi.
STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Dâp. Nattverd. Kyrkjekaffi. Årsmøte.

Sundag 15. mars - 4. sundag i fastetida
DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Dâp. Nattverd.

Sundag 22. mars - Maria bodskapsdag
VAKSDAL BEDEHUS kl. 11.00. Felles storsamling. Nattverd. Bø.

Sundag 29. mars - Palmesundag
DALE KYRKJE kl. 11.00. Familiegudsteneste. Kvamsøe. Dâp. Nattverd.
EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 11.00. Familiegudsteneste. Bø. Dâp. Nattverd.
BERGSØYANE kl. 12.30. Sportsandakt. Kvamsøe

*Sjå annonsar i lokalavisa og oppslag for eventuelle endringar.
Dâp= Høve til dâp i gudstenesta.*



Bunad og stakkastovo as

ny bunad

omsøm

bunadsøle

tilbehør

Ring for avtale 56 19 18 00

Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfossen

www.bunadogstakkastovo.no